Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6 Fylke: Hardaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Kinsarvik

Emne: Folkelege musikkinstrument Bygdelag: Nesstrand

Oppskr. av: Margreta Lutro, Gard: Lutro

(adresse): Lofthus. Hardanger G.nr. 151 Br.nr. 7

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Haringfela.

2 Den som hev fenge ord for å vera den fyrste, som laga Haringfeler var: Isak Nilsen Botnen i Kvam. Han var fødd i 1669 og var ein ulifrå felemakar. Sidan hev fele-spelet alltid vore brukt her.

3 Sonen, Trond Isaksen Botnen, laga ogso svært gode feler. Enndå skal det finnast att av desse "Tronda-feler" Det hev vore "vanleg hett", at ungdomar, som hev vore "nett-hendte" og hev havt musikk-gjevnad hev laga seg feler sjølv og spela på dei.

4 - 5 - 6 - 7 - 8 Dette hev eg lite greida på og kan sofleis ikkje gjeva noko fullnøgande

svar.

9 Spelemannen heldt fela i venstre handi, soleis at fingrarne nådde strengjerne på felehalsen. Tonehuset stadde han mot venstre akslii. Med felebogen i hägre handi strauk han sôyme strengjerne.

Felespel er brukta her i brudlaup, i dei gamle jole-veitlerne og ved jonsok-leikar.

I skyttarfester og andre sarlege höve i üngdomslagi er her ogso felespel og dans.

10 - 11 og 12

13

Av kjende spelemenn hugsar eg Ola Mosafin. I 1880 åri var han fleire gonger ned i Harang. Det var helst i tingdidi. Då var det altid samla ein stor folkemeng. Då fleire ikkje nådde heimatt på dagen, so var det mange som måtte få husrom på garden. Mosefinnen gjekk då kring i stovarne, og kom so stillsleg med felehüset sitt og fekk seg sæte på "sparekrakken"



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Han var ikkje vand å be- og spela so vent for den takksame lyden.

Av andre meir kjende spelemenn hugsar eg: Oddmund Verheim d. 1896. Ola Håstabø d. ikring 1900 og Nils Tjoflåt d. 1898. Alle frå Kinsarvik.

Spelemenn, som liver no: Halldor Meland, Lars Velure, Fridtjof Ernesthagen, Olav Lutro og Jon Velure — og fleire ungdomar, som spelar i lyd og lag i grendi.

I Av alle dei instrumenta, som er spurnad etter, hev Salmadikon vore bruka her av lærarar og lærarinnar fyrr i tidi - som sjølve ikkje kunde syngja.

XII Når skogen svadde um våren laga me borni små pipor av rogn og langflytar av selja - som me bles på.

Bolk B.

Av byinstrument var det svært få i bruk her fyre 1900. Det var hjå embetsmenn

dei hadde piano, som anten frūa eller dötterne spela på. Det var helst ūtanlandsmūsikk dei spela, og me lykte, at den „klūnkingi" ikkje var so væn.

Orgel var her heller ikkje so mange av. Men på dei vart det då spela „skikkelege" tonar.

Av bygdefolket var det fleire, som spela på trekkspel. Det var helst ungdomar, som hadde fare til sjøs og lært kunsten. På trekkspelet spela dei både feleslåttar og tonar.

Der det er tettgrendt og lagleg for ungdomar å møtast, er her no ogso skipa til spellag, der dei brūkar messinginstrūment. Dei spelar då til fester og ymse andre samkomar.

Mūsikklærarinna frk. Nanna Storm frå Oslo hev būtt her ūnder krigen og er her enddå. Ho hev havt mange elevar, og her er komne fleire nye piano til grendi.

3 Med desse nye mūsikkinstrū-ment vart det spela mūsikk-stykke av både norske og



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

utlandske komponistar og lite av dei gamle slåttar.

Den nye musikken vert til vanleg lite spela på Hardingfelå.

Balk C.

I min uppvekst brukade me um sumaren i Kissebar-tidi ei „Skredla" til å skræma trasti år bartrei. Skredla var pålag 35 cm lang med pålag 36 cm dreia skaft. I eine enden var der eitt sylinderforma stykke [14 cm langt] pålag 8 cm. i tvermål. På dit var det skårar eller rifler langsetter. Tvert yver - so breitt som riflorne - var der ei 34 cm. lang, tunn fjøl, festa til den rifla sylinderen. Den gjekk, når ein heldt i skaftet med båe hendernne og sviva rundt. Det vart då ein skredlelåt, som skræmde trasti.



No er trasti ikkje so bar-svalti lenger, då her er nokk bar både for folk og fuglar.

Balk D

Slike instrument er her ingi segner um, det eg veit.